



Tips oss Eavis Kalender Tidevætn

1
CM

Lokalavisa for Ryfylkeøyane
▼ ANNONSE



Nytt
SOMMERMAGASIN

Finn favorittene dine



Nyheter →

Joker Fogn ber om å få selja alkohol utan betening – så mange andre i Norge gjer det

Joker Fogn gjer som Coop Østhusvik og spør Stavanger kommune om å få selja øl når butikken er ubemanna.



Butikksjef Gunhild Hovda Grønås i Joker Fogn. FOTO: PÅL RUNE GRØNÅS



Sigbjørn Høidalen
Redaktør

Oppdatert: 14 timer sidan

– Me oppfordrar juridisk avdeling i kommunen om å koma på besøk for å prøva teknologien sjølv, om dykk skulle vera i tvil om det kan vera lovleg, skriv Joker Fogn i eit brev til Stavanger kommune.

Onsdag 8. mai opna daglegvarebutikken på Fogn sjølvbetent butikk, men framleis kan dei bare selja alkohol i dei timane butikken er betent. Dermed kan dei ikkje spara lønnskostnader utan å risikera alvorleg fall i omsetjinga.

Langt vekk

Butikken viser til at dei brukar RMA-butikkstyring der alt alkoholsal blir fjernbetent. Ein person kan sitja langt unna og overvåka situasjonen gjennom fleire kameraer, sensorar og mikrofon kvar gong nokon kjøper alkohol.

- Den tilsette kan enkelt sjå og snakka med kunden og gripa inn og stansa salet ved behov, skriv Joker Fogn.

RMA står for Retail Multi Automation og er ein teknologi utvikla av selskapet Liberty Now. RMA er teken i bruk av blant anna NorgesGruppen, som omfattar Joker-kjeda. Coop brukar ein annan teknologi.

Nokså vanleg

Kommunikasjonsleiar Camilla Moen i Liberty Now skriv dette til Øyposten om kor vanleg det er blitt med ølsal i ubetente butikkar:

- Det er i dag mellom 90 til 100 butikkar i Norge som via RMA-butikkstyring sel alkohol utanom fysisk betent opningstid, skriv Moen:
 - Beteninga kan styra butikken frå kor det passar dei via telefonen, så lenge dei har internett, og dei har full kontroll over alt som skjer via kamera og varslar. Nokre kjøpmenn får hjelp til å passa butikken gjennom å leiga inn Liberty Now sitt B2C-team som sit i Norge, Spania og London.

Offisiell opning

Uansett utfall av denne saka: Laurdag 1. juni klokka 13 inviterer Joker Fogn til offisiell opning av den høgteknologiske sjølvbetente butikken sin.

- Lars Helgeland frå Merkur kjem, og me serverer gratis kake, kaffe og is, reklamerer butikken.

LES ÒG:



Joker Fogn opna sjølvbetent butikk

[ABONNENT](#)

Publisert: torsdag 30. mai 2024 kl. 19:00

Oppdatert: 14 timer sidan



UTFORSK TEMA:

[DAGLEGVAREBRANSJEN](#)

[ALKOHOL](#)

[FOGN](#)